

Emne 61

## TURKESTOVA

1. Var det vanleg i Dykkar bygd å ha eit hus som dei kalla turkestova, tørrstugu, tørrstua, tørrstoga, trøstogo, tørrstugu, trystugu, trysty, turken eller turka eller liknande nemningar? – Nedanfor kallar vi dette huset turkestove.
2. Er det gardar i bygda som ennå har turkestove ståande, og kva for gardar er det i tilfelle? Dersom ikkje, når vart då siste turkestova riven, og kvar stod den? Er det tradisjon om når den siste turkestova i bygda vart sett opp?
3. Skulle det etter gamalt vera ei turkestove på kvar gard, eller fanst den berre på nokre gardar? Dersom det siste er tilfelle, var det då slik at den berre fanst på større gardar, men ikkje på mindre; eller var det så at gardar med gammal hussetnad hadde turkestove, medan dei som i så måte var yngre, ikkje hadde det?
4. Var turkestova sams for heile den mangbølte garden, eller hadde kvart bruk si turkestove? Var det vanleg at dei som flytte ut frå det mangbølte tunet etter dei eldste utskiftningane (1850-70 åra), bygde seg turkestove på den nye staden?
5. Dersom fleire hadde turkestove saman, var det då faste reglar for bruken, eller retta dei seg etter kvarandre som best dei kunne?
6. Korleis greidde dei seg, dei som ikkje hadde turkestove? Kunne dei leiga turkestove, og kva betalte dei i tilfelle for leiga? Heldt dei veden sjølv?
7. Er det kjent at nokon i bygda nytta turkestova til å bade i? Når vart det i tilfelle slutt med dette?

8. Har det vore vanleg å turka korn i turkestova?
9. Har dei turka andre ting der, t.d. malt, lin, ull, materialer o.a.?
10. Er det kjent at dei nytta turkestova når dei skulle reinska klede og skinnellar for utsal? Kva kalla dei dette (døya kleda)?
11. Dersom dei hadde eit anna hus til å turka korn i, kva vart då turkestova nytta til?
12. Kor stor var turkestova til vanleg (lengd, breidd, høgd)?
13. Korleis var ho bygd (reisverk, tømmer eller stein)?
14. Korleis var ho tekt?
15. Kva slag golv var det i turkestova, jord eller stein?
16. Skulle turkestova helst liggja i ein bakke, og kvifor?
17. Var turkestova på ei eller to høgder?
18. Kvar var døra dersom turkestova berre var på ei høgd (langsida eller gavlen)?
19. Kvar var dørene dersom turkestova var på to høgder?
20. Var det vanleg at dei hadde ein skut i eine enden av turkestova? Var det veger på den, eller var den open? Kor ”dyp” var den? Kva heitte den? Var det tregolv i skuten? Kva vart skuten nytta til?
21. Var det røykglugg i turkestova, og kvar stod i tilfelle den? Kva heitte den, og kva brukte dei å tetta den med?
22. Kva slag eldstad var det i turkestova, open eldstad (åre), røykomn, kakkelomn? Er det kjent at nokon har nytta elektrisk omn i turkestova?

- 23.Dersom dei hadde open eldstad (åre), kvar stod den då, og korleis var den laga?
- 24.Dersom dei brukte røykomm, kvar stod den då: midt på golvet, inn til ein vegg eller i eit hymna?
- 25.Kva slag stein var røykomnen bygd av?
- 26.Kva form hadde røykomnen?
- 27.Kor stor var omnen utvendig (lengd, breidd, høgd)?
- 28.Kor stort var eldsromet? Var ilegget like stort som eldsromet eller mindre? Kjenner De turkestove-omnar som hadde to eller fleire eldsrom?
- 29.Hadde dei mura heile omnen fint opp, eller hadde dei berre mura opp eldromet og så fylt Stein på slik at omnen såg ut som ein steinhaus?
- 30.Dersom omnen ikkje var eit eldsrom med ein steinhaus over, var det då berre omnssidene som var mura opp, medan taket på omnen berre var ei stor steinhelle? Hadde dei eit sers namn på ein slik omn (ein bed)?
- 31.Kjenner De til at taket på eldsromet i turkestove-omnen var ein fint oppmura kvelving?
- 32.Var veggen i omnen eller eldsromet heilt tett, eller kunne røyken siga ut gjennom veggene?
- 33.Dersom veggene var tetta med kalk eller leire, kom då røyken ut berre gjennom ilegget, eller var det røykopning i omnsveggen? Kvar var i tilfelle den? Var det røykkanal fram til den?
- 34.Dersom det var røyk-kanal, gjekk røyken då rett ut i rommet, eller gjekk den ut i ei pipe?
- 35.Kjenner De til at dei har hatt turkestove-omn med pipe (mest som i ein peis)?

- 36.Kjenner De til at dei har turka kornet på turkestove-omnen t.d. på den hella som er nemnt i sp. 30?
- 37.Var turkestova i Dykkar bygd på ei eller to høgder?
- 38.Dersom turkestova var på ei høgd, turka dei då kornet på hjellar?
- 39.Kvar stod desse hjellane, berre på langveggene, berre på gavlveggen eller på både langveggene og gavlveggen?
- 40.Dersom turkestova var berre ei høgd, var det då to hjellar over kvarandre?  
Kor høgt var det mellom desse to hjellane?
- 41.Kva var botnen i hjellane laga av, bord eller stein?
- 42.Korleis var hjellane feste til veggen?
- 43.Dersom turkestova var på to høgder, korleis var då ”golvet” i øvste romet laga?
- 44.Turka dei kornet beinveges på golvet i andre høgda?
- 45.Kjenner De til at turkestove-omnen fylte heile nedste romet i turkestova, og at den var plan oppå slik at dei kunne turka kornet oppå der? Korleis fekk dei lagt kornet utover omnen (tømde det ned gjennom ei luke i taket)?
- 46.Kor lenge varde det før kornet var turt nok? Enn linet?
- 47.Kor lenge elda dei i turkestova før den var varm nok til kornturking, linturking og døyning?
- 48.Kor mykje korn kunne dei turka til vanleg i ei vende? Kva kalla dei den kornmengda som dei turka på ein gong (ein turka)?
- 49.Kunne dei turka fleire vender (turker) med same eldinga, fyrte dei opp kvar gong dei la inn nytt rått korn, eller måtte dei fyra opp fleire gonger før kornet vart turt?
- 50.Kor tjukt var det laget med korn som dei la på hjellen? La

dei tjukt eller tunt etter som dei ville ha kornet snøgt ferdig eller ikkje?  
Var det i så måte skilnad på dei ymse kornslag?

51.Var dei inne og rørde i kornet av og til medan det turka? Kva gjorde dei dette med?

52.Kva slag ved brukta dei i turkestova, og kva kalla dei den?

53.Har dei baka brød i turkestove-omnen? Vart det gjort i sers tilfelle (til høgtider eller gjestebod)? Kva kalla dei brødet dei baka der (omnsbrød)?